

## **EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE 2024 OG MEDLEMSMØTE VAL/ÅRSMØTE 2024**

**Utdanningsforbundet Voss**

**Stad: Voss gymnas**

**Dato: Torsdag 11. april**

**Tid: kl. 18.30 – 19.00**

**Medlemsmøte Utdanningsforbundet Voss**

Voss gymnas

**Kl. 19.00 – 20.30**

**Gjest og innleiar: Ingrid Marie Helleve**

**Tema:** Me må sikre profesjonen si røyst i saker som omhandlar oppvekstsektoren.



«Vegen til ein betre barnehage og skule,  
går gjennom læraren».

### **Sakliste årsmøtet:**

1. Konstituere årsmøtet
2. Val nytt lokallagsstyre

### **Årsmøtesak 1: Konstituere årsmøtet:**

- A) Godkjenning av innkalling
- B) Godkjenning av sakliste
- C) Val av referentar, og val av to møtedeltakarar til signering av protokollen

### **Årsmøtesak 2: Val til styret i Utdanningsforbundet Voss.**


Valnemnda legg fram sine framlegg til nye tillitsvalde i lokallaget

- Det blir òg ei kort orientering frå arbeidet i lokallaget før medlemsmøtet.

### **Vedtektene:**

#### **§ 60 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

- 60.1 Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn når lokallagsstyret finn det nødvendig, eller når minst 1/4 av klubbane krev det.
- 60.2 Ekstraordinært årsmøte skal, så langt råd er, kunngjerast med minst éin månads varsel.
- 60.3 Ekstraordinært årsmøte skal berre behandle dei sakene som er nemnde i innkallinga til årsmøtet.



## Medlemsmøte Utdanningsforbundet Voss

Voss gymnas

**Kl. 19.00 – 20.30**

**Gjest og innleiar:** Ingrid Marie Helleve

**Tema:** Me må sikre profesjonen si røyst i saker som omhandlar oppvekstsektoren.



**«Vegen til ein betre barnehage og skule,  
går gjennom læraren».**

*Les innlegget i [Hordaland](#) 20.12.23*

Gjesteførelesar Ingrid Marie Helleve tek opp viktigheita i å fremja profesjonsrøysta, og at no må politikarane og samfunnet lytte til profesjonen som arbeider innanfor oppvekstsektoren.

Lærarane kan barnehage og skule, og profesjonen må stå opp for den gode barnehage og skule.

Etter Ingrid sitt innlegg vil me opne opp fore ein dialog omkring utviklinga av oppvekstsektoren.

Kva skal til for den gode barnehage og skule?

Kva meiner «eg» som lærar?

Korleis ta makta over utviklinga?

***Alle veit .....***

*Alle veit kva som er best for den norske skulen.*

*Politikarane veit kva som er best for den norske skulen.*

*Byråkratane veit kva som er best for den norske skulen.*

*Ekspertane veit kva som er best for den norske skulen.*

*Redaktørane veit det. Direktørane veit det.*

*Foreldra veit kva som er best for den norske skulen.*

*Kronikkforfattarane veit kva som er best for den norske skulen.*

*Ein vakker dag skal vi spørje den norske læraren også.*

*- Frode Grytten*

*Politikarar og samfunnet elles må ha tillit til at ein utdanna lærar er i stand til å veta kva som fremjar eit godt og trygt læringsmiljø i sin klasse. Og så er det primært lærarane og leiinga ved skulen som må finna ut korleis dei stadig kan utvikla læringsmiljøet i positiv retning.*

*- Ingrid Helleve, Hordaland avis  
20.12.23*

## **SAKSPAPIR EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE - VALMØTE**

### **Opning ved lokallagsleiar**

#### **Sak 1 Konstituere årsmøtet**

##### **1.1 Godkjenning av innkalling**

Kunngjering av årsmøtet og førebels sakliste vart sendt ut per mail **6. mars**

Innkalling og årsmøtedokument vart sendt ut **21.mars**

##### **Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**

*Innkallinga vert godkjend*

##### **1.2 Val av dirigentar/møteleiarar**

##### **Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**

*Kåre Grevle vert valde som dirigentar/møteleiarar.*

##### **1.3 Val av referent**

##### **Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**

*Aud Irene Lavik vert vald som referent.*

##### **1.4 Sakliste**

##### **Sakliste:**

Opning ved lokallagsleiar

Sak 1 Konstituering

1.1 Godkjenning av innkalling

1.2 Val av dirigentar/møteleiarar

1.3 Val av referent

1.4 Sakliste

1.5 Val av protokollunderskrivarar

Sak 2 Val

2.2 Val av nestleiar

2.3. Val av hovudtillitsvalde

2.3.1 Val av hovudtillitsvald 1

2.3.2 Val av hovudtillitsvald 2

2.4 Val av styremedlemmar

2.5 Val av varamedlemmar til lokallagsstyret

2.5.2 Val av 1. vara

2.5.3 Val av 2. vara

2.6 Val av valkomité

2.6.1 Val av valkomité

2.6.2 Val av 1. vara til valkomitéen

2.6.3 Val av 2. vara til valkomitéen

2.6.2 Val av 3. vara til valkomitéen

Avslutning

##### **Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**

*Saklista vert godkjend*

### 1.5 Val av protokollunderskrivarar

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Knut Brunvoll og Siri Giljarhus vert valde som protokollunderskrivarar*

### 1.7 Godkjenning av valreglement

Sjå vedlegg 1 til saka. (Vedlegg ligg nedst i dette dokumentet.)

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Valreglementet vert godkjent.*

### 1.8 Val av møtefunksjonærar

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Live Hyrve og Kåre Grevle vert valde som teljekorps.*

### Sak 2 Val

Inneverande år har styret hatt denne samansetjinga:

#### Lokallagsstyret 2023 – 24:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv
Kåre Grevle	Voss ungdomsskule	GRS	M	Leiar
Anders Gjeraker	Voss ungdomsskule	GRS	M	Nestleiar /HT- vara
Rune Magnar Røthe	Granvin b. og u. skule	GRS	M	Styremedlem og HTV
Knut Brunvoll	Voss gymnas	VGO	M	Styremedlem/ leiarmedlemar
Tina C Solstad	Læringsverkstedet Tvildemoen bhg	BHG	K	Styremedlem
Aud Irene Lavik	Klausabakken bhg	BHG	K	Styremedlem
Live Hyrve	Voss vgo	VGO	K	Styremedlem
Siri Giljarhus	Gjernes barneskule	GRS	K	Styremedlem
<b>Vara styremedlemmer</b>				
Jon Arve Bjordal	Skulestad skule	GRS	M	1.vara
Michelle Karevoll	Klausabakken bhg	BHG	K	2.vara
Wenche Bolstad	Skulestad skule	GRS	K	3. vara

**Valkomiteens innstilling til nytt styre for 2024 - 25:**

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
<b>Leiarverv</b>					
Kåre Grevle	Voss ungdomsskule	GRS	M	Leiar	2023 - 25
<b>Anders Gjeraker</b>	<b>Voss ungdomsskule</b>	<b>GRS</b>	<b>M</b>	<b>Nestleiar / vara -HT</b>	<b>2024 – 26</b>
<b>Styremedlemmar</b>					
<b>Rune Magnar Røthe</b>	<b>Granvin barne og ungdomsskule</b>	<b>GRS</b>	<b>M</b>	<b>HTV</b>	<b>2024 – 26</b>
<b>Knut Brunvoll</b>	<b>Voss gymnas</b>	<b>VGO</b>	<b>M</b>	<b>Styremedlem</b>	<b>2024 – 26</b>
<b>Tina C Solstad</b>	<b>Læringsverkstedet Tvildemoen bhg</b>	<b>BHG</b>	<b>K</b>	<b>Styremedlem</b>	<b>2024 – 26</b>
Aud Irene Lavik	Klausabakken bhg	BHG	K	Styremedlem	2023 - 25
Live Hyrve	Voss vgo	VGO	K	Styremedlem	2023 – 25
Siri Giljarhus	Gjernes barneskule	GRS	K	Styremedlem	2023 - 25
<b>Vara styremedlemmar</b>					
<b>Jon Arve Bjordal</b>	<b>Skulestad skule</b>	<b>GRS</b>	<b>M</b>	<b>1.vara</b>	<b>2024 – 26</b>
<b>Michelle Karevoll</b>	<b>Klausabakken bhg</b>	<b>BHG</b>	<b>K</b>	<b>2.vara</b>	<b>2024 – 26</b>
Wenche Bolstad	Skulestad skule	GRS	K	3. vara	2023 - 25

**6.2 Val av nestleiar**

**Valkomiteens innstilling til vedtak:**

**Anders Gjeraker, Voss ungdomsskule, GRS** vert vald som lokallagsnestleiar for perioden 01.08.24 – 31.07.26

**6.3. Val av hovudtillitsvalde**

**Valkomiteens innstilling til vedtak:**

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Rune Magnar Røthe	Granvin barne og ungdomsskule	GRS	vert vald som hovudtillitsvald for perioden	01.08.24 – 31.07.26
Anders Gjeraker	Voss ungdomsskule	GRS	vert vald som vara - hovudtillitsvald for perioden	01.08.24 – 31.07.26

## 6.4 Val av andre styremedlemmar

### Valkomiteens innstilling til vedtak:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Knut Brunvoll	Voss gymnas	VGO	vert vald som styremedlem for perioden	2024 – 26
Tina C Solstad	Læringsverkstedet Tvildemoen bhg	BHG	vert vald som styremedlem for perioden	2024 – 26

## 6.5 Val av varamedlemmar til lokallagsstyret

### 6.5.1 Val av 1. vara

#### Valkomiteens innstilling til vedtak:

**Jon Arve Bjordal, Skulestad skule, GRS** vert vald som 1. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.24 – 31.07.26

### 6.5.2 Val av 2. vara

#### Valkomiteens innstilling til vedtak:

**Michelle Karevoll, Klausabakken, BHG** vert vald som 2. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.24 – 31.07.26

## 6.6 Val av valkomité

Valkomitéen i 2023 – 24 har bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn
Gro Karin Dolve Øvsthus	Voss vidaregåande	VGO	K
Ingebjørg Folkedal	Palmafossen skule	GRS	K
Randi Førde	Granvin barne og ungdomsskule	GRS	K
Birthe Christin Bjørke	Klausabakken bhg	BHG	K
Ingvild Gullbrå Fjetland	Regnbogen natur og kultur - bhg	BHG	K
Siw Kari Ulvund	Voss gymnas	VGO	K
<b>Vara</b>			
Anne Karin Hellesøy	Palmafossen skule	GRS	K



**Lokallagsstyret si innstilling til ny valnemnd** (Namna vil bli klar før årsmøtet)

**Framlegg til vedtak: Ny valnemnd vert godkjend.**

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Periode
	Voss vidaregåande	VGO		2024 – 25
	Voss gymnast	VGO		2024 – 25
	Gullfjordungen	GRS		2024 – 25
	Vangen skule	GRS		2024 – 25
Linn Fenne Knapstad	Læringsverkstedet Tvildemoen barnehage	BHG		2024 – 25
Ann-Iren Dregelid	Bulken barnehage	BHG	K	2024 – 25
Varamedlem valkomitèen				
Joanna Kalawska	Bulken barnehage	BHG	K	2024 – 25

## Avslutning

Avslutning ved lokallagsleiar

## **Valreglement for årsmøte i lokallag - Generelt om vala**

Vala gjeld for to år med verknad frå 1. august etter årsmøtet, så sant ikkje anna ordning blir vedtatt av årsmøtet forut for vala.

Alle vala skal være skriftlege. Møteleiaren kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open røysting, dersom det er eit samstemt framlegg frå valkomiteen og ingen andre forslag føreligg.

Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane det er fremja framlegg på og som har sagt ja til å stille til val. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta.

Kandidatar som det er fremja framlegg på, er:

1. Framlegg frå valkomiteen / lokallagsstyret (valnemnd)
2. Kandidatar som det fremmast framlegg på under sjølve årsmøtet (benkeforslag).

Blank stemmesetel blir regnet som gitt stemme.

## **Gjennomføring av vala på årsmøtet**

Vala vert gjennomført i den rekkefølga som er vist i nummereringa nedenfor:

### **1. Val av nestleiar (plenum)**

Nestleiar blir valt først og ved særskilt val.

Ved val mellom to kandidatar, er den valt som har fått flest stemmer.

Får kandidatane likt stemmetal i to valomgangar, vert dee trekt lodd mellom kandidatane.

### **3. Særmøte på årsmøtet for val av hovudtillitsvalte i verksemda på kommunenivå.**

Valkomiteen fremjar framlegg på hovudtillitsvalte for dei aktuelle tariffområda innanfor lokallaget.

Vala vert gjennomført som særskilte val i særmøte for årsmøtedeltakarane innanfor de aktuelle tariffområda, på same måte som for leiar og nestleiar i lokallagsstyret.

### **4. Val av hovudtillitsvalte som styremedlem (plenum)**

Ein tillitsvalt etter kommunal hovudavtale skal ha fast plass som styremedlem i lokallagsstyret på bakgrunn av vervet som tillitsvalt etter hovudavtalen, jfr. § 16.5 og § 62.2.

### **5. Val av øvrige styremedlemmer (plenum)**

Her blir det valt det tal medlemmer av styret som gjenstår.

Ved val av øvrige medlemmer av lokallagsstyret skal stemmesetelen innehalde namn på det tal styreplassar som er på val, jf. D i retningslinjene. Ut frå samansetninga av dei som ikkje er på val (tal kvinner/menn), skal årsmøtet opplysast om kva samansetning som må ivaretakast for å oppfylle kvoteringsparagrafen.

### **6. val av varamedlemmer til lokallagsstyret (plenum)**

Det må veljast minst tre varamedlemmer i prioritert rekkefølge.

Desse vert valde fritt (uavhengig av medlemsgruppe) i særskilte val etter same reglar som for nestleiar.

### **7. Val av valkomité**

Jf. § 64.1:

*Årsmøtet vel ein valkomité med minimum tre medlemmer. Valkomiteen er samansett i samsvar med gjeldande kvoteringsreglar, jf. § 15. Valkomiteen konstituerer seg sjølv, eventuelt med eit arbeidsutval.*

Lokallagsstyret fremmer forslag på tal medlemmer og varamedlemmer til ny valkomité for årsmøteperioden.



Valkomiteen vert valde på same måte som medlemmer av lokallagsstyret. Varamedlemmer vert valde på same måte som varamedlemmer av lokallagsstyret.